

HISTO
RIKAR
VERK
SEMDA



Kulturminnedokumentasjon

Tveiteråsvegen 51/53
gnr. 9 / bnr. 239 m.fl. – Bergen kommune

Innhald

Innleiing	3
Kartmateriale	4
Historie	6
Historisk utvikling	10
Kulturminner og kulturmiljø	12
Bygningsmiljø	19
Bilder frå synfaring	21
Oppsummering og skildring av det planlagte tiltaket	29
Litteratur og kjelder	34

Oktober 2021/Oppdatert oktober 2024 og januar 2026

PROSJEKT: Tveiteråsvegen 51/53 gnr. 9 / bnr. 239 m.fl.

TILTAKSHAVAR: Orion Prosjekt AS

KONSULENT: Ard arealplan AS

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

Håvard Klyve Parr og Øystein Hellesøe Brekke, faghistorikarar

KONTAKT: haavard@historikarverksemda.no | +47 971 14 202

Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggjande kulturminnedokumentasjon i samband med prosjekt i Tveiteråsvegen 51/53, gnr. 9 / bnr. 239 m.fl. i Bergen kommune, på oppdrag frå Orion Prosjekt AS. Plankonsulent er Ard arealplan.

Planområdet omfattar eigedomen gnr. 9 / bnr. 239 og delar av gnr. 9 / bnr. 1, 6, 171, 208, 222, 250, 257, 300. På bnr. 239 står eit bustadhus med adresse Tveiteråsvegen 51/53. Delen av bnr. 1 som er innanfor planområdet er ubyggd, men inneheld ein fotballbane med kunstgras og ein basketballbane. Delane av andre bnr. som er innanfor planområdet er i hovudsak små teigar med veg; Tveiteråsvegen, Breimvegen og Haakon Sæthres veg - rundt desse områda. Planområdet ligg

på Tveiterås i Fana og omfattar det gamle våningshuset på garden Tveiterås med hage. Storleiken er omlag 11,7 dekar. Området er i hovudsak omgitt av villabusetnad, med Sandbrekkevegen og Myrvatnet i nordaust.

I gjeldande kommuneplan (KPA 2018) ligg planområdet innanfor ytre forettingssone (Y). Det meste av planområdet er regulert til «bebyggelse og anlegg» Småle striper på kvar side av Tveiteråsvegen, som utgjer alleen opp mot garden, er regulert som «grønnstruktur». Området er også omfatta av henssynssone H570_3 Tveiterås. Tiltakshavar sin intensjon med planforslaget er å leggja til rette for bustadbygging med inntil fire nye bustadeiningar med tilkomstveg og utomhusareal.

Denne kulturminnerapporten dokumenterer historie og kulturminne i og i nærleiken av planområdet – gjennom tekst, bilete og kartmateriale. Rapporten er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder – mellom anna tinglyst materiale, byggesaker, kart, branntakstar, teikningar, fotografi og observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikar Håvard Klyve Parr frå Historikarverksemda 29.09.2021. Alle foto er tekne av Historikarverksemda under denne synfaringa med mindre anna er oppgitt i biletteksten. Rapporten vart oppdatert i oktober 2024 og januar 2026.




Fig. 1: Plankart Tveiteråsvegen 51/53

Kartmateriale



Fig. 2: Tveiteraas på kart frå 1825. Vegen som i dag heiter Sandbrekkevegen er teikna inn langs vestsida av Myrvatnet, (som på dette kartet heiter Tveiteraasvandet) nordover mot Fantoft og sørover mot Sanddal. Ein ferdsleveg «til Fanøe» som er teikna inn, ser ut til å gå utanom gardstunet på Tveiteraas. Kjelde: bergenskart.no (https://kart.bergen.kommune.no/image/rest/services/Historiskekart/Historisk_kart_1825_Reichborn/ImageServer)



Fig3: Tveiteraas på kart frå 1873. Vegen som i dag heiter Sandbrekkevegen er teikna inn langs vestsida av Myrvatnet, nordover mot Fantoft og sørover mot Sanddal. Kjelde: Kartverket.no, 16D Bergen (www.kartverket.no/om-kartverket/historie/historiske-kart/soketreff/mitt-kart?mapId=9846)



Fig. 4:



Fig. 5: Tveitaraas på kart frå 1931, året før utbygginga av området tok til. Rett nord for gardstunet på Tveiterås er Villa Breim teikna inn, elles er Eikel-und Aandssvakeskole det einaste bygget som er teikna inn på garden Tveiterås. Kjelde: Kartverket.no, Bergen omland IV (www.kartverket.no/om-kartverket/historie/historiske-kart/soketreff/mitt-kart?mapId=5662)

Historie



Planområdet ligg innanfor det som historisk sett utgjorde garden Tveiterås, som strekte seg over høgdedraget mellom Myravatnet i nordaust og Nesttunvatnet i sørvest.

Namnet «Tveiterås» tyder «åsen til [garden] Tveit» og viser truleg til at området opphavleg har høyrd under garden Storetveit. Han har truleg vorte skild ut som eigen gard i vikingtid eller tidleg mellomalder. Det er ikkje kjend kor gardstunet på Tveiterås var i gamal tid. Etter Svartedauden har Tveiterås vore øydegard. Tidleg på 1500-talet høyrde garden til klosteret Nonneseter i Bergen. Jordegodset til dette klosteret vart overteke av Vincens Lunge i 1528 og Tveiterås var i slekta hans til 1680, då dei selde han til Hans Hjort på Stend. Siden har garden ofte skifta eigarar medan gardsdrifta i hovudsak har vore drive av paktarfolk.

Kjøpmannen Ole Brinch kjøpte garden i 1800 og i 1819 gav han prospektmålar Dreyer oppdraget om å male garde. Frå «Fieledet Ravnebiørken» hadde Dreyer

Fig. 6: Prospektet Dreier måla i 1819, som syner lystgarden før våningshuset frå 1854 er bygd. Myravatnet ligg i forgrunnen og Nordåsvannet i bakgrunnen. Måleriet er i privat eige, men er her henta frå «Dreiers Bergen: et utvalg av prospektmaleren J.F.L. Dreiers bergensmotiver 1800-1833»

eit godt utsyn over garden Brinch dreiv som lystgard.

I forgrunnen av måleriet ser vi Myravatnet og hovudvegen med både gåande og ridande. I bakgrunnen ligg Nordåsvannet, med toppen av Løvstakken heilt til høgre i biletet. I prospektet ser vi ein slags portal i starten av ein alle opp mot tunet, der eit toetasjes kvitt trehus tronar. I vignetten på prospektet står monogramma O.B og A.B, som viser til eigaren og hustrua hans, Anna Brinch. Det var dottersonen til Ole Brinch, Mens Paasche, som skulle forme historia til garden vidare. Han fekk halve garden etter at Ole Brinch døydde i 1823 og arva resten etter faren Herman Paasche som var attgift med enkja etter Brinch.



Fig. 7: Gardstunet på Tveiterås med våningshuset til høyre, ca. 1895-1900. Foto: Atelier KK. Henta frå UBB Billedsamlingen (<https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-kk-ncn-0091.html>)



Fig. 8: Gardstunet på Tveiterås ca. 1910, med våningshuset til venstre. Bilete er teke frå ein litt uvanleg vinkel og syner gardstunet på ein god måte. Resten av bygningane stod sørvest for planområdet. Bygget lengst til høgre står framleis som Tveiteråsvegen 26. Foto K. Knudsen & Co. Henta frå Facebook.



Herman Paasche vert skildra som sterkt oppteken av jordbruk og skal ha fått dyrka opp mykje av innmarka, sjølv om han òg hadde paktarfolk og tenarar som tok seg av den daglege gardsdrifta. Rundt 1850 bygde Paasche nytt våningshus på garden, det huset som i dag er Tveiteråsvegen 51/53. Resten av gardstunet låg sørvest for våningshuset, utanfor dagens planområde. Her står berre Tveiteråsvegen 26 att av bygningane på tunet då våningshuet vart reist.

Villa Breim

I 1887 opna Jacob Sæthre frå Breim

Fig. 9: Villa Breim med hagen som strekte seg ned bakken søraust til Tveiteråsvegen og planområdet. Foto: Knoop. Årstal ukjend. Henta frå UBB Billedsamlingen (<https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-knoop-194.html>)

«Sæthres Institut for aandssvage Børn» på bruket Eikeberg, som han fekk skilt ut frå Tveiterås i 1884, om lag 500 meter i luftline nord for planområdet. I 1898 kjøpte Sæthre så hovudbruket på Tveiterås, og fram til 1916 nytta han garden til å gi arbeidstrening til elevane på skulen sin. Ca. 1910-1920 fekk han bygd sveitsarhuset «Villa Breim» på bakketoppen rett nordvest for planområdet – snautt 100

meter nord for det gamle våningshuset, med ein stor hage som strekte seg ned bakken mot Tveiteråsvegen. Villaen vart riven i 1989, men har gitt namn til Breimvegen, som fører opp hit. Haakon Sæthres veg, aust i planområdet, har namn etter Jacob Sæthre sin son, som vart avretta av nazistane i 1945.

I lengre tid, og særskilt etter opninga av Vossebanen i 1883, med jernbanestasjon på Hop, hadde velstående byfolk kjøpt tomter og reist villaer i Fana. Frå 1870 til 1920 vart folketalet i Fana tredobla, og i mellomkrigstida låg folkeveksten på 2,5 prosent i året. Folkeveksten i Fana på denne tida skjedde mykje ved at tettstadsområdet strekte seg sørvestover på begge sider av Nordåsvatnet. Paradis vart ein populær stad for rike bergensarar å byggja bustad tidleg på 1900-talet, og rundt 1930 vart Paradis sentrum etablert, med servicefunksjonar som post, bank, butikkar, bensinstasjon og jernbanestopp. Tveiterås i aust heldt lenge fram å vera eit naturskjønt, lite busett område. I ein avisartikkel om garden frå 1927 heiter det: «Overalt hersker skogens store stillhet, og verden er langt, langt borte. (...) hen mot det gamle saa enkle men værdige enetages hovedhus som lyser hvitt langt borte, fører en gammel tæt kronet aspeallé.»

Tveiterås hageby

I 1932 danna arvingane etter Jakob Sæthre eit interessentselskap med formål å stykkja ut tomter for bustadbygging på Tveiterås. Den kjende arkitekten Leif Grung leia utbygginga av det som skulle bli ein hageby på Tveiterås, med påkosta villaer teikna av Grung sjølv. Grung planla eit prosjekt med «200 hus, idrettsplasser, diverse parkområder og tennisbaner». I 1939, då han bygde sin eigen villa lengst vest i Tveiterås med utsikt over Hopsvannet, skreiv Grung at han hadde bygd «ca. 30 hus, vesentlig eneboliger, med tomt ikke mindre enn 1 mål» i den nye hagebyen.

Utbygginga i hagebyen tok til i den vestlege delen av Tveiterås, og det vart ikkje bygd ut bustader nær planområdet og resten av området rundt det gamle gardstunet i første omgang.

På 1950- og 60-talet kom den største utbygginga i Fana. Bustadnauda rett etter andre verdskrigen saman med mangel på tomter og strenge byggerestriksjonar gjorde at det nesten ikkje vart bygd einestader inne i byen. I 1950-åra gav den verste bustadnauda seg, men med vekslande velstand var likevel mange på jakt etter nye og betre bustader. Sidan draumen om eige hus var vanskeleg å realisera innanfor bygrensene tok fleire og fleire til å sjå seg om utanfor byen. På 1960-talet kom dei første nye bustadene innanfor ein 150 meters radius rundt det gamle våningshuset. Sidan då har fortettinga i område halde fram. På 1980-talet vart fleire gamle driftsbygningar sørvest for våningshuset erstatta av nye bustadhus. Etter at Villa Breim vart riven i 1989, kom det 12 nye bustadhus på tomte i Breimvegen frå 1990-talet og fram til 2010. Den siste fortettinga som har hendt i nærleiken av planområdet, var bygginga av Haakon Sæthres veg 2, i grensa til planområdet i aust, i 2016 (sjå byggeår på husa i og nær planområdet teikna inn på Fig. 10).

På dei to neste sidene i rapporten syner kart med byggeår og ortofoto frå 1951 og fram til 2019 utbygging og endringar som har skjedd i og nær planområdet.

Historisk utvikling




Fig. 10: Husa i og rundt planområdet med byggeår teikna inn. Grunnlaget er henta frå bergenskart.no



Fig. 11: Ortofoto frå 1951. Den vestlege delen av Tveiterås har fått villabusetnad, men nær gardstunet står framleis berre Villa Breim. Den planta alleen langs Tveiteråsvegen nordover frå gardstunet er godt synleg. Henta frå bergenskart.no.



Fig. 12: Ortofoto frå 1970. Henta frå bergenkart.no. Haakon Sæthres veg er anlagt i søraust og Breimvegen i nord-vest, og langs begge desse vegane har det kome nye bustader.



Fig. 13: Ortofoto frå 1997. Henta frå bergenkart.no. Driftsbygningane sørvest for våningshuset er erstatta av bustadhus. Villa Breim er riven og utbygginga av tomte nord for våningshuset er i gang.



Fig. 14: Ortofoto frå 2019, viser situasjonen i og nær planområdet i dag. Henta frå bergenskart.no

Kulturminner og kulturmiljø

Det er berre eitt SEFRAK-registrert bygg i eller umiddelbart nær planområdet, og det er det verneverdige bustadhuset i gnr.9/bnr.239. Frå det opphavelge gardstunet står også huset som i dag har adressa Tveiteråsvegen 26, rett sør for planområdet.

Våningshuset

Det var Mens Paasche som fikk bygd det vakre og godt bevarte sveitsarhuset som i dag står i Tveiteråsvegen 51/53. Huset fekk si noverande form i 1850-åra. Ein branntaksten for huset er dagsett 25. mars 1854. Her vert det nyoppsette våningshuset nøye skildra. Det vert og påpeikt at det «...er opført tildels paa samme tomt som det her paa gaarden ved forretning af 26 September 1846 for 2050 spd taxerede vaaningshuus, hvilket er nedrevet...».

Det tømra våningshuset med mesaninetajse er i branntaksten målt 31 alen langt 19 alen djupt og 8 alen høgt. Det er «...tekket med høvlet sutag og blaae hollenske tagsteen, bordkledt og overtrukket med malerolje.» Per Jonas Nordhagen har skrive om bygningshistorien til hovudbygningen på Tveiterås gård. Han skriv om ei innskriftsplate i støypejern som angir byggeåret 1837, og meiner det nyoppførte våningshuet truleg var bygd rundt ein kjerne av dette huset. Ut frå det som står i branntaksten er det meir naturleg å tenke seg at noko av materialet frå det eldre huset er gjenbrukt ettersom huset er flytta nokre alen: «denne bygning staar 4 alen fra den i forretningen den 26 Septemb. 1846 under No 2 beskrevne bygning med ildsted...»

Ein skjønar at det var eit påkosta hus



Fig. 15: Våningshuset på Tveiterås sett frå aust, ca. 1862-1889. Per Jonas Nordhagen nyttar tidsetjinga ca. 1870 om bilete som altså er mier romsleg tidsett i biletsamlinga. Fotograf Marcus Selmer. Henta frå UBB Billedsamlingen (<https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-s-128.html>)

Paasche fekk bygd: «Paa den østlige side af gangen er 4 tømrede værelser, de 2 betruken med trekpapier, og et oljemalet, og hvoraf det ene har en femetages malmkakkelovn...» I ein seinare branntakst, frå 13. mars 1856 finn vi skildringa av eit anna særtrekk ved våningshuset, som har «...en slags pavillon af udskaaret egemateriale med tag af zinckplade, hvilende paa 8 pillarer eller søiler ligeledes af eegetræ;...» I taket er det to vindauge med innfatning av støypejarn og «...bygningen har 32 tag og 4 enkelte vinduer, 28 døre, hvoraf 4 dobbelte...»

Huset som er skildra i branntakstane, og som vi finn i avbildingar heilt attende til 1870-åra let seg godt kjenne att. Tiltakshavar, som tok over bygget i 1985, har vore oppteken av å ta vare på den opphavelige framtoninga til våningshuset. Eit iaguefallande trekk ved huset er skilnaden på dei forseggjorde fasadane som vender mot nord og vest og dei enklare og meir sparsommelege fasadane som vender bort frå vegen mot sør og aust. I nord og vest er det ståande panel og dekor som syner

detaljar frå sveitsartilen. Dette var fasaden som møtte den som kom oppover til garden gjennom bøkeallen. Inngangsdøra i kortsida er framleis den opphavelige, med vakkert farga overlys. Løvsagverkt markerer midtpunktet i denne fasaden. Over dører og vindauge er det framspring og listverk som går over det ståande panelet og slik deler kortveggen inn i ulike felt. I langsida i nord er det ein open veranda, som vi kjenner att frå dei gamle bileta. Dagens eigar tok over huset i 1985 og har gjort mykje arbeid på huset. Opphavelige vindaugsopningar er teke vare på – og fleire originale detaljar.

Der nord- og vestfasaden har ståande kledning, så er det i den korte veggen i aust og langveggen i sør liggande panel. Dette er eit trekk ved huset vi kan sjå allereie på bilete frå 1870-åra, og Nordhagen peikar i sin artikkel på at dette difor må vere ein del av det opphavelige særpreget. Austvæggen har på dette bilete liggande panel og er utan dekor – ei type nøysemd han finn særmerkt for den bergenske trearkitekturen.



Fig. 16: Den lange fasaden i nord og kortveggen i vest er dei mest forseggjorte på våningshuset. Med ståande panel og dekor i sveitsarstil. Verandaen sentrert i nordfasaden er skildra i branntaksten. Bilete over er frå 1973, då det var mindre vegetasjon i den nære hagen. Foto Ø.H. Berger. Bilete er henta frå En storyby i miniatyr: Bergens bygningsverden 1850-1916: artikler om arkitektur.



Fig. 17: Bilete er tidfesta mellom 1890 og 1899 og gir eit godt inntrykk av det nære hageanlegget med grusgangar og beplantning nær hundreårsskiftet. Bilete er teke frå høgda nordaust for våningshuset, der Haakon Sæthres veg går i dag. I forgrunnen av bilete er søkkt i terrenget, der dei nye husa er tenkt oppført. Foto: Knoop. Henta frå UBB Billedsamlingen (1899<https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-knoop-333.html>)

Fig. 18 (bilete til høgre): Våningshuset og hage fotografert 1925–30. Den nære hagen nord for huset liknar mykje det hageanlegget vi ser i bilete frå før hundreårsskiftet (Fig. 17, over). Foto: Hermod Hjellestad. Bilete er henta frå «Fana og Ytrebygda i ord og bilete»



Hageanlegget

Noko av det eldre biletmaterialet gir eit inntrykk av korleis hageanlegget nord og aust for huset såg ut og har utvikla seg. På prospektet Dreier måla kring i 1819 (Fig. 6) ser vi den opne kuppert innmarka ned mot Myrvatnet. Sett frå portalen ved vegen utgjorde hovudhuset, då eit anna enn det huset som står i dag, eit tydeleg fondmotiv. I bilete frå 1870-åra (Fig. 15) ser vi at vindauga i austveggen er omkrinsa av klatreplantar. Eit relativt spinkelt tuntre står nordaust på den opparbeidde flata nord for våningshuset, nær tørrsteinsmuren

som avsluttar det vesle plataet. I bilete er det grusgangar mellom plantar i terrenget nedover både aust og nord for huset. I bilete teke rett før hundreårsskifte (Fig. 17) har tuntreet vakse seg stort, grusgangar og beplantning er tydelege i terrenget nord for huset. Dette bilete er det som tydelegast viser hageanlegget som byantikvaren i sin uttale omtalar som «...en stor romantisk prydhage som tidligere hadde med større klippede trær og grusganger».

Tiltakshavar fortel om eit villniss av busker og tre då dei gjekk igang med



Fig. 19: Nordfasaden og den nære hagen i dag. Bilete teke frå nordvest

renovering av huset i 1985. Også i dag framstår søkket i terrenget nord og aust for Tveiteråsvegen 51/53 som urydda småskog. Nær det opparbeidde platået nord og aust for huset finn ein att tørrsteinsmuren som verka å markere det indre av hagen. Det markante tuntreet tett nordaust for huset, som vi har sett frå det tidlegaste bilete kring 1870, er i dag borte. Det sto framleis i 2009, då bilete til høgre (Fig. 20) var teke.

Ned mot Myrvatnet har opparbeidinga av fotballbanen heva terrenget og slik endra topografien ein del frå det vi finn i det gamle prospektet til Dreyer.



Fig. 20: Våningshuset med hage avbilda i Bergensavisen i 2009



Fig. 21 (til høgre): Detaljbilete av tørrmur som er spor etter det hageanlegget vi kan sjå særleg av bilete teke av Marcus Selmer kring 1870. Nordvest for huset.




Fig. 22: Bilete er teke før ny bilveg vart etablert på vegen opp mot tunet. Utan lauv på trea ser vi dei forseggjorde nord- og vestfasadane i våningshuset. Heilt til venstre i bilete ser vi Haakon Sæthres veg 3, med byggeår 1970. Bilete er henta frå boka «Bergens bymiljø».



Fig. 23: Bilete teke frå omlag same vinkel i dag, med Haakon Sæthres veg 3 i vestre biletkant. Biletpunktet er litt lenger nord enn i bilete frå byrjinga av 1970-talet. Køyreveg og gangveg er etablert oppover alleen – der nokre av dei store bøketrea har falle.

Vegen gjennom alleen

Vegen inn til tunet – gjennom bøkealleen er det som ut over våningshuset sjølv ber mest av det opphavelge inntrykket i seg. Vegen her er utvida, og det er no både køyreveg og gangveg opp mot tunet (sjå bileta Fig. 22 og Fig. 23). Nokre av dei gamle trea i alleen har

falle. At våningshuset framleis tronar som eit landemerke og fondpunkt frå Myravatnet er eit ekko av det opphavelge preget til Tveiterås gård. Men med fotballbanen som er etablert og vegetasjonen som i dag har vakse fram der det tidlegare var innmark, har noko av denne effekten forsvunne.



Fig. 24: Frå innkøyringa til Tveiteråsvegen frå Sandbrekkevegen ligg Tveiteråsvegen 51/53 framleis som eit fondmotiv, sjølv om den seinare opparbeidde fotballbanen og vegetasjonen i området tik bort noko av effekten. Det historiske vegfaret med alleen til høgre i bilete. Dei planlagde bustadane vil kome til venstre i bilete her.

Tunet

I det litt større utsnittet atlier Knud Knudsen har fotografert av garden (Fig. 7 side 7) får vi eit godt inntrykk av tunet slik det framstod rett før hundreårsskiftet. Bilete er teke frå bøen nordaust for huset, der tomme hesjar står klare. I bakgrunnen ser vi huset som i dag har adresse Tveiterås 26. Dette er nok huset som i branntaksten av 1856 er skildra som «Et tømret enetages pagterhuus 33 ½ al. Langt 9 ½ al dybt og 3 ½ høit hvori 2 tømrede stuer med malmkakkellovne og et kammers, kjøkken med 2 skorsteen, under huset er kjelder, og er det tekket med sutag og teglsteen...». Tiltakshavar fortel at Tveiteråsvegen 26 vart kjøpt og vølt omlag samstundes som dei kjøpte våningshuset i Tveiteråsvegen 51/53. Og av bileta i dag, ser vi at Tveiteråsvegen 26 har mykje av sitt opphavelge eksteriør intakt. Dei andre bygningane på tunet vart på 80-talet teke bort og

erstatte av den villabusetjinga vi i dag ser i området sør for våningshuset. I byantikvaren sin uttale ved planoppstart står det om tunet: «Det har gjennom lang tid blitt skilt ut eiendommer og gården og tunet eretter vår vurdering i stor grad bygget helt ut. Tunet mot sørvest er fortsatt lesbart men har blitt i vesentlig grad endret og våningshuset til gården har mistet forholdet mellom driftsbygninger og bolig-hus.» Den utviklinga som her er skildra ser ein tydeleg av ortofota av området. Då særleg om ein ser luftbilete frå 1970 (Fig.12 s.11) opp mot luftbilete frå 1997 (Fig. 13 s.11).

På neste side er det bilte får vår synfaring av området, som viser tilhøvet mellom dei to husa som framleis står att frå det opphavelge tunet, samt eit oversynsbilete som gir eit inntrykk av korleis tunet i dag ligg i bygningsmiljøet.



Fig. 25: Tveiteråsvegen 26 ligg i forgrunnen, medan vi ser våningshuset i Tveiteråsvegen 51/53 i bakgrunnen. Bilete er teke mot nordaust langs Tveiteråsvegen, sør for planområdet. Det opphævelege tunet er mykje endra dei siste tiåra.



Fig. 26: Våningshuset i venstre biletkant og vi ser bygningsmiljøet som i dag står på det som vart tunet til garden. Ser ein bilete i samanheng med bilete frå 1910 (Fig. 8 side 7) ser ein den veldige transformasjonen området har gått gjennom. Bilete her syner godt den tilpassa villabusetjinga på Tveiterås. Bilete er teke mot søraust frå Breimsvegen. Og vi ser villaene som ligg langs Haakon Sæthres veg, på høgda eit stykke sør for planområdet.

Bygningsmiljø



Fig. 27: Dette skråfotoet gir eit godt bilete av bygningsmiljøet i og nært planområdet. Villabusetnaden omkransar planområdet med unntak av i nordaust. Nede til venstre i bilete ligg det opphævelege tunet. Henta frå kart.1881.no. (tidsetjinga av bilete er ikkje oppgitt, men vi ser at Haakon Sæthres veg 2 frå 2016 iallfall er med i bilete.




Fig. 28: Skråfoto som syner villabusetnaden i Breimvegen nord/nordvest for planområdet. Fotballbanen ligg nede til høgre. På denne høgda nord for våningshuset låg Villa Breim (Fig. 9 s. 8) med ein hage som gjekk ned mot Tveiteråsvegen og planområdet. Då Villa Breim vart riven i 1989 vart det bygd 12 nye bustadhus i Breimvegen, noko som utgjorde ei stor endring i kulturmiljøet. Henta frå kart.1881.no

Det kuperte terrenget kring Tveiteråsvegen 51/53, er prega av forseggjorte einebustader med opparbeida hagar. Husa ligg fint innarbeidd i terrenget frå sidene av det søkket i topografien planomrdået utgjær. Mange av villaene i området har høg kvalitet både arkitektonisk og i val av material. Som det

og går fram av oversiktsbileta over, så er det mange bustader med store buareal.

Planområdet og dei planlagde nye bustadene ligg nordaust for det opphævelege gardstunet. Eit området som i den første avbildinga vi har (Dreiers prospekt Fig. 6 s.6) er opa innmark. Seinare fotografi viser eit

forseggjort hageanlegg nordaust for huset, medan vi i dag finn sparsame spor etter dette. Dette området nordaust for våningshuset er noko av det siste som står att av ubygd mark på Tveiterås. Opparbeidinga av idrettsbanene anlagt nord i planområdet ligg over ein stor del av ette området og utgjorde ei stor endring i kulturmiljøet. Men framleis er det våningshuset frå første halvdel av 1850 som møter den som kjem inn Tveiteråsvegen frå nordsida. Gardstunet let seg og, trass store endringar, framleis lese.

Som det går fram av Fig. 10 side 10 og utviklinga ortofota viser (Fig. 11-14, s. 10-11), så har det vore utbygging av villaer i fleire

fasar etter at gardsdrifta vart lagt ned. Husa sør for planområdet, der det opphavelege tunet låg, er med unntak av Tveiteråsvegen 26 bygde frå midten av 80-talet. Vest for planområdet var det bygging midt på 90-talet, medan det langs Haakon Sæthres veg veg er hus frå ulike tiår. Haakon Sæthres veg 3 rett aust for Tveiteråsvegen 51 er bygd i 1970, Haakon Sæthres veg 5 er frå 1972. Nyare er det forseggjorte Haakon Sæthres veg 2 bygd i 2016. I påfylgjande sider fyl bilete frå synaringa av planområdet. Først oversynsbilete, og så meir av fasade og detaljbilete frå det verneverdige våningshuset og hage/grøntområde.



Fig. 29: Det kupperte terrenget på Tveiterås kan gjere det krevjande å finne gode oversynsbilete. Her er skråfoto frå den sørlege delen av planområdet og villabusetjinga sør og søraust for planområdet. Vi ser Haakon Sæthres veg sno seg til høgre i bilete. Henta frå kart.1881.no

Bilete frå synfaring



Fig. 30: Bilete teke frå Haakon Sætheres veg og mot vest. Til høgre i bilete er det verneverdige huset Tveiteråsvegen 51/53 og den søraustlege delen av planområdet. Bilete syner korleis villaene ligg i terrenget langs Tveiteråsvegen og oppover Breimvegen. I forgrunnen av bilete er det eit djupt søkk i terrenget, nærast eit lite dalføre, der det omsøkte tiltaket ville starta omlag i høgre biletkant.



Fig. 31: Bilete er teke sørover frå Tveiteråsvegen 53. Til venstre i bilete ligg Tveiteråsvegen 43 nærast. Til høgre bygningane som erstatta det opphøvelege tunet på garden. Tveiteråsvegen 47 og 45.



Fig. 32: Bilete er teke frå Tveiteråsvegen mot aust. Tveiteråsvegen 53 i venstre biletkant. Tveiteråsvegen 45 sentralt i bilete. Så ser vi villaene på den andre sida av det vsle dalføret i Haakon Sæthres veg. De blåmåla Haakon Sæthres veg 3 litt til venstre. Haakon Sæthres veg 5 rett over Tveiteråsvegen 45.



Fig. 33: Planområdet sett frå nord. Innkøyringa frå Sandbrekkevegen mot Tveiteråsvegen. Det verneverdige våningshuset Tveiteråsvegen 51/53 ser vi i bakkanta av bilete. Alleen og steinmurane opp mot tunet midt i bilete. Til venstre i bilete er fotballbanen nordaust i planområdet.



Fig. 34: Planområdet sett frå nordaust, ved innkøyringa frå Sandbrekkevegen til Haakon Sæthres veg. Idrettsbanene i forgrunnen av bilete, våningshuset mot horisonten.



Fig. 35: Bilete teke frå søraustleg hjørne av fotballbanen mot det historiske vegfaret med alleen i Tveiteråsvegen. Her får ein ei kjensle av høgdeforskjellen i terrenget, som kan supplere forståinga av skråfoto av området nordvest for planområdet.



Fig. 36: Vegetasjonen nordaust for våningshuset i dag. Jmfør med dei historiske bileta i Fig. 15 og Fig. 17.



Fig. 37 : Bilete er teke frå botnen av dalføre, der planlagte nybygg skal stå. Bilete gir forsåting av høgdeskilnadene.



Fig. 38: Haakon Sæthres veg 2 med byggeår 2016, ligg rett vest for det planlagde tiltaket. For å sjå korleis tilkomst og planlagd byggehøgde samspekar med denne villaen, sjå fotomontasje i Fig. -, s.



Fig. 39: Haakon Sæthres veg 3 frå 1970 ligg rett vest for Tveiteråsvegen 51/53, med det vesle dalføret mellom.



Fig. 40: Tveiteråsvegen 26 er det eianste huset i tillegg til våningshuset som står att frå det opprinnelege tunet. Huset ligg sørvest for planområdet.



Fig. 41: Tveiteråsvegen 47D ligg her nærast, og utgjer saman med adressene 47C, 47B og 45C ein struktur som minner om den bygningsstrukturen som låg i det opphavslege tunet, sør vest for planområdet. Bygningen mellom våningshuset og driftsbygningen som låg her er i dag borte. Men bilete teke av tunet kring 1910 (Fig. 8 s. 7) gir ei forståing av korleis denne bygningsstrukturen i ei slags hesteskoform har eit band attende.



Fig. 42: Sørfasaden av våningshuset som tidlegare vende mot gardstunet. Bilete teke frå omlag der Tveiteråsvegen 26 står.



Fig. 43 og 44: Vestfasaden av våningshuset Fasaden har forseggjorte sveitserstildetaljar.





Fig. 45: Langveggen i nord. Bilete teke frå nordaust, her ser vi godt den oppbygde altanen og vi kjenner godt att bygget frå den skilringa som finst i branntaksten frå 1854.



Fig. 46: Langveggen i sør. Bilete teke frå søraust.



Fig. 47: Austfasaden. HER er det liggande panel og fasaden er mindre forseggjort enn den i vest. Legg merke til muren i forgrunnen.



Fig. 48: Mur søraust for våningshuset.



Fig. 49: Bilete frå våningshuset og nordaustover mot Myravatnet, over planområdet.

Oppsummering og skildring av det planlagte tiltaket

Planområdet ligg på Tveiterås i Fana, og omfattar eigedomen gnr. 9 / bnr. 239 og delar av gnr. 9 / bnr. 1, 6, 171, 208, 222, 250, 257, 300. På bnr. 239 står det gamle våningshuset på garden Tveiterås, med hage (adresse Tveiteråsvegen 51/53). Delen av bnr. 1 som er innanfor planområdet er ubyggd, men inneheld ein fotballbane med kunstgras og ein basketballbane. Delane av andre bnr. som er innanfor planområdet er i hovudsak små teigar med veg; Tveiteråsvegen, Breimvegen og Haakon Sæthres veg.

Tveiteråsområdet som heilheit framstår som relativt kupért, med lokale koller/høgdedrag og tilhøyrande skråningar. Området er i hovudsak omgitt av villabusetnad, karakterisert av god terrengtilpasning og villaer med høg arkitektonisk kvalitet. Den eldre villabusetnaden vart etablert på romslege tomter, men fleire av desse er dei seinare tiåra frådelt, og har gitt plass til nye bustadar. Det gamle hovudhuset på Tveiterås er ein viktig markør for området.

Tilkomsten til det planlagde prosjektet vil vere frå Haakon Sæthres veg. Lags denne vegen ligg det i dag ein bustader i lengderetninga parallelt med vegen. For å vidareføre denne delen av strøkskarakteren har arkitektane valt å strukturere det føreslåtte nybygget på same måte. Det er eit bygg lagt i lengderetning og som då vil ligge parallelt med både Haakon Sæthres veg og søkket i terrenget. Tiltaket er som nabobygga teikna med saltak med takstein og i ein etasje over vegnivå. Bygget er trekt lenger aust enn det som har vore tilfelle for tidlegare forslag til nybygg, med parkering mellom vegen og huset. Plasseringa er slik meir heldig for det gamle våningshuset som fondmotiv.

Arkitektane i Kime arkitektur og landskap har i materialbruken gjort val som reflekterer bygningsomgivnadene. Villaen er førelslått kledd i mørkt trepanel, panel er mykje nytta i nærliggande hus. Mellom huset og vegen er det også referanse til omgivnadene i bruk av beige, lys

tegl. Materialet meiner arkitektane vil skilje bustaden frå terrenget, slik at den står fram som eit slankt og klårt volum. Dei har også teikna eit utbygg i vest tenkt kledd med trespon for å tydeleg markere at dette utbygget og balkongane ligg som adderte former til hovudvolumet i villaen.

I det føreslåtte tiltaket har arkitektane valt å legge terrasser på plan 2, og med ei «bru» over til meir utearela som ligg på trepålar. Ei slik utbygging meiner dei vil vere skånsam for vegetasjonen.

I Byantikvaren si fråsegn til planinitiativet attende i 2021 heitte det at tunet mot sørvest framleis er lesbart «men har blitt i vesentlig grad endret og våningshuset til gården har mistet forholdet mellom driftsbygninger og bolighus.» Byantikvaren påpeikte at planområdet dekker hoveddelen av arealet som ikkje har blitt utbyggd og at det der framleis fins «rester etter en stor romantisk prydhage som tidligere hadde med større klippede trær og grusganger. Videre var dagens fotballbane også en del av grøntarealene til gården. Tveiterås gård slik den framstår i dag er et viktig kulturmiljø med flere opprinnelige bygninger og det historiske landskapet er fortsatt lesbart.»

Byantikvaren uttrykte i si fråsegn tvil til «alle forslagene i planinitiativet» som etter deira vurdering «kommer vesentlig i konflikt med kulturminneverdiene i området. Byantikvaren er derfor skeptisk til om det er mulig med en utbygging i planområdet uten at dette får store negative konsekvenser for kulturmiljøet.» Etter dette har det vore fleire møter og dialog der også kulturmiljøomsyna ved ei utbygging har vorte diskutert. I referat frå arbeidsmøte halde 17.11.2023 heiter det: «Byantikvaren vurderer at planområdet tåler foreslått bebyggelsesomfang, men at alternativene som er foreslått oppleves for dominerende. Foreslått form og materiale må endres. Hensynet til hovedgården er ikke tilstrekkelig ivaretatt i forslagene.» I møtet an-

befalte Byantikvaren at «en ser til nærområdet for utforming og at bygningskroppen bør deles opp. En bør bruke farger aktivt og ikke benytte svart farge, og de store balkongene må være en mer integrert del av arkitekturen. Bebyggelsen må fremstå tyngre nederst for å lande bedre mot terrenget. Vindusflatene bør reduseres i størrelse. Dersom forslagsstiller holder på flatt tak bør gesimsen brytes opp.»

Etter dette arbeidsmøtet er det gjort ganske store endringer i både den arkitektoniske ut-

forminga og plasseringa av føreslåtte nybygg. Tiltaket som i dag er føreslått er redusert i omfang og det er over skissert tilpassingar for å redusere inngrepa i vegetasjon og terreng. Ein del av dette ligg i plassering av det føreslåtte tiltaket tett opp mot Haakon Sæthres vei, for å ta vare på det gamle våningshuset som fondmotiv. Samstundes så vil det føreslåtte tiltaket bygge ut området inn mot der det gamle hageanlegget låg, noko som får konsekvensar for det eksisterande kulturmiljøet.




Fig. 50: Illustrasjonsplan for Tveiteråsvegen.



Fig. 51: Eksisterande situasjon sett frå nord.



Fig. 52: Ny situasjon sett frå nord.



Fig. 53: Eksisterande situasjon sett frå hjørne på fotballbane.



Fig. 54: Ny situasjon sett frå hjørne på fotballbane.



Fig. 55: Eksisterande situasjon sett frå Haakon Sæthres veg.



Fig. 56: Ny situasjon sett frå Haakon Sæthres veg.

Litteratur og kjelder

Berg, Adolph, «Tveiteraas gaard» (Bergen Aftenblad 25.6.1927)

Ferguson, Katherine, «Herskapelig hjem» (Bergensavisen, 22.5.2009)

Grung, Leif «Eget hus, Tveiterås habeby» (Byggekunst 21 (1939), s. 193-194)

Larsen, Jacob T., Fana bygdebok bd. 4, (Fana bygdeboknemnd, Bergen, 1984) s. 56-60

Nordhagen, Per Jonas: Bergens bymiljø, (Grieg, Bergen, 1973)

Nordhagen, Per Jonas: En Storby i miniatyr. Bergens bygningsverden 1850-1916.

Artikler om arkitektur (Tapir Akademisk forlag, Trondheim, 2006)

Olsen, Kjellaug og Flesland, Vidar: Fana og Ytrebygda i ord og bilete (Liland ungdomslag, 2002)

Ormhaug, Knut: Dreiers Bergen, (Grieg, Bergen, 1998)

Bergen byleksikon

Historiske kart, www.kartverket.no

Universitetsbibliotekets billedsamling i Bergen: www.marcus.uib.no

www.bergenskart.no

www.digitalarkivet.no